

# Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn


September 2018



Dugnad

Alpha-kurs

Kyrkjejubileum





Valdas Ciapas frå Liatuen har mykje arbeid gjennom avløysarlaget i Etne kommune. Men han gjer også godt sesongarbeid på kyrkjegården i Skånevik, der han har ei 40% stilling i fire månader om sommaren. Då kan ein sjå han klippe gras og stelle gravplassen, og halde det fint. Men i år har han også vore opptatt med sårt tiltrengt målearbeid av Skånevik kyrkje. Med seg fekk han gode hjelparar då det blei arrangert dugnad, sjå side 6.

*Kyrkjeposten vert distribuert til alle huslydar i Etne og Skånevik. Bladet blir betrakta som offentleg informasjon og nærmiljøblad. Kyrkjeposten er ikkje definert som uadressert reklame.*

## Om å male

I år var eg heldig. Feriedagane mine vart velsigna med masse godt ver! Det er herleg. Men samtidig er det ikkje fritt for at ferien har vært litt strevsam også. For sumartid og ferietid blei denne gong også oppussingstid. Feriehuset trengte sårt til maling.

Men det er ikkje berre å kline malinga på. Nei, ein må skape og grunne, og med høvla bord trengs det tre strok. Men det blei fint til slutt! Og så godt å sitte i hagen etterpå og tenke: No er det fleire år til neste gong!

Tenk om vi kunne gjort det same med livet som vi kan med hus. Berre skrape vekk nokre falma strok med maling, nokre tabbar og pinlege augneblink, eller nokon skammelege. Sidan hive på litt grunning så vi blir beskytta mot å gjere same feilen om igjen. Og til slutt stryke på ny, fin maling med strålande farge og vakker glans: Sjå, så flott eg er! For eit fint liv eg lever!

Nokon prøver å gjere det slik. Men er vi ærlege, veit vi at så enkelt er det ikkje. Kva med dei såra er ber i sjela, dei arr ein har i sitt sinn, dei skader ein har fått på sin ånd? Korleis fikse det?

Det er dette Paulus skriv om i Romarane 3, 10: *Som det står skrive: Det finst ingen rettferdig, ikkje ein einaste.*

Vi er mange som har prøvd å bli rettferdige. Vi har skrapa og flikka og malt litt på alt i livet som ikkje var greitt. Vi har også funnet gode unnskyldninga for at ting er som dei er – det var sola og vinden og miljøet ikring oss gjorde at vi ble slitt og nedbrotne og fekk skjemmande flekker.

Kanskje har nokon latt oss få vite at vi ikkje treng bebreide oss sjølve for våre därlege val og handlingar. Kanskje har vi rekna oss fram til det på eige hand. Men no vil vi i allfall legge det bak oss, gøyme det under eit strok maling som kanskje heitte vanskeleg oppvekst, vene som leda galt, konsekvensar eg ikkje kunne sjå, det var jo uansett ikkje mi skuld.



Men det står: *Seier vi at vi ikke har synd, då fører vi oss sjøve vill, og sanninga er ikke i oss.*  
1. Job 1, 8.

Medan eg malte huset i sumar, juksa eg nokre stader. Det var nokre bord som var pillrøte i endeveden, noko som ikke all verdas maling kan fikse. Eg veit det, men klinte på likevel. Håpar at det går bra, at malinga blir sitjande, og at det ser pent ut også om eit par år. Skjønt eg veit at dei borda må skiftes. Det er ingen veg utanom.

Eg kan ikke gjøre det sjølv, for det er utanfor denne prestens fagfelt. Difor blir det nok kostbart. Eg dekka det til og håpar det

beste, at det ikkje spreier seg til plankane ved sidan av. For det kan jo skje.

Det finnes ting i livet som også er slik. Ting som er røte, kor det ikkje hjelper med noko anna enn erstatte det gamle med noko nytt. Det kan vere ting vi har gjort, som vi veit var gale, synd mot menneske eller Gud. Sjølv om vi latar som om de ikkje var det, så ligger de der likevel, og de blir ikkje bra. Uansett kor mykje maling vi heller på.

Gud har et middel mot sånt. Det heiter tilgjeving. Det er eit kostbart middel, for det kosta Guds Son livet. Men for oss er konsekvensen totalrenovering, i det vi er ærlege og vedkjenner syndene våre.

Totalrenovering, det er noko anna enn flikking!

Johannes skriv: *Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.*

1. Job 1, 9.



Per Hjemdal,  
sokneprest

# Vellukka 5-årsmarkering

*Det blei ei vellukka jubileumshelg då kyrkjelyden markerte at det allereie er 5 år sidan Etne kyrkje vart vigsla av biskop Nordhaug.*

*Med både festgudsteneste, teaterframsyning og allsong-kveld, var det noko for dei fleste.*

**Ryfylke Livsgnist** heiter eit amatørteaterlag frå Finnøy. Dei brukar skjemt og latter som eit bindeledd mellom elles både viktige og av og til alvorlege tema. Den nyaste forestillinga deira heiter «Nåde» og handlar om korleis ulike menneske blei møtt av Gud med nåde, sjølv om dei kanskje ikkje venta eller fortente det. Vi møtte både slavehandlaren John Newton som sjokkerte heile verda med sin rå, sannferdige framstilling av slavehandelen på 1700-talet, og som var ein viktig aktør i kampen for å avskaffe slaveriet. John Newton fann Gud etter ei dramatisk hending på havet, enda som prest og er mest kjend for å ha skrive salmen Amazing Grace. Vi fekk også annleis møte med Sakkeus, kjend frå Lukasevangeliet, men denne gong i skikkelse av ein moderne børsmegler. Dei som var i kyrkja laurdagskvelden, gjekk heim med noko å tenke på.

Bak.f.v.: Sokneprest Per Hjemdal,  
Prost Svein Arne  
Theodorsen, Sokneprest Stein Ove  
Skadal.

Foran.f.v.: Trusoppplærar Astrid  
Akseland Johnsen,  
Kyrkjelydspedagog  
Randi Matre og  
organist Solveig  
Sørheim



*Solosang ved Steinar Frønsdal*

Søndag var det **festgudsteneste**. Prost Svein Arne Theodorsen preika om å vele den gode del, kvilen i nåden hos Jesus.


Steinar Frønsdal song, og kyrkjelyden fekk takke av Astrid A. Johnsen for ti års teneste som trusoppplærar. Samstundes fekk vi ta imot Randi Matre som hennar etterfølger. Magny Lygre frå Skånevika sokneråd las tilsettigsbrevet frå Biskopen, før prost og soknepresidentar fekk be for Randi.



*Ei flott gudsteneste med påfølgjande flott kyrkjekaffi!*



# Etne kyrkje 2013-2018



Forbøn for ny kyrkjelydspedagog Randi Matre

Jubileumshelga slutta søndag kveld med at KM-karane baud inn til **songkveld**. Forutan fleire flotte songar frå KM-karane sjølv, fekk dei frammøtte vere med å synge både kjente viser og salmar. Sigurd Stødle heldt ei personleg og god andakt. Ekstra kjekt var det at KM-karane denne kvelden var musikalsk forsterka av prost Theodor森 på trekkspel.

## Feiringa fortset!

Sjølv om feiringa var vellukka i sjølve jubileumshelga, vil ho halde fram utover hausten med tilbod både for born og vaksne.

**Tore Thomassen** inviterer alle born til å bli med i kor når han kjem den 8. oktober.

Og så blir det ei varm og fin teaterfram-syning når Hordaland teater ved Ragnhild Gudbrandsen framfører **Babettes gjeste-bod** den 23.10.

Ver med å ta del i gleda over  
Etne kyrkje!



Lovsongskveld med KM-karane

# Andletsløfting og reparasjonar på Skånevikkyrkja

I løpet av den tørre og varme sommaren har store deler av kyrkja fått seg to strøk maling. Valdas Ciapas er den som står for arbeidet, men når stillaset stod på langveggene fekk han god hjelp av ein fin dognadsgjeng.



50-60 dognadstimar vart utførte av 8-10 ivrige unge og eldre malarar. No gjenstår berre nokre vanskelege parti som må takast med lift. Dei høgaste delane av tårnet er det meininga å mala når stillaset vert bygd til storrepasjonen der. Dette skal byggast av eit

Karmøyfirma i slutten av månaden, og reparasjonen startar opp i månadsskiftet. Byggmeister Håkon Kvestad er den som er ansvarleg for alt det praktiske. Me ser fram til å få eit tett og trygt tårn. Vidare skal vindauge på sørsida av skipet gjennomgå vedlikehald. Nokre av blyglassa må sikrast for ikkje å falla inn i kyrkja, og nokre av vindauge lek i tillegg. I første omgang tek me eitt vindauge for å vurdera arbeid og kostnad. Takrennene på kyrkja er av kopar, og fleire av desse har tæringshol, til dels store. Ein del av dei har også feil fall. Rennene må prioriterast for å unngå skvett på og råtning av kledning og øvrig trekonstruksjon. Noko førstehjelp er utført, men her snakkar me om eit omfattande arbeid.

*Reidar Leknes*

## Dognad på Fjæra kapell

Ein god gjeng arbeidsvillige folk stilte opp til dognad for å gjera det fint rundt Fjæra kapell. Takk for hjelpa!



# Sundagsskule for vaksne

## Velkommen til "søndagsskule" for vaksne!

Her samlast vi for å lese Bibelen, stanse ved ting verd å stanse ved, få lys over utfordrande eller merkelege sakar, finne løynde skattar og glede oss over at Gud har talt sitt ord til oss – til frelse for kvar den som trur.

Bibelteksten er utgangspunktet, men ikkje eit fengsel. I desse samlingane er ingen kommentarar upassande, ingen spørsmål tåpelege, ingen glede eller bekymring for stor eller liten.

*Les gjerne teksten på førehand!*

*Noter tankar og innspel, spørsmål og skattar og anna ved teksten som forundrar eller gleder deg.*

Vi held på frå kl. 0930 til ca. 1015. Er vi ikkje kome gjennom kapittelet, held vi fram neste gong! Vi slutar samlinga med bøn for gudstesta og kyrkjelyden, og for alt anna som ligg oss på hjartet!

Vi er ferdig før 1030. Då er ein velkommen til å rusle ein liten tur, bli sitjande i lag med kjekke menneske, eller vere stille i kyrkjerommet.

Kl. 09.00: Frukost\*

Kl. 09.30: Samtale og undervisning

Kl. 10.15: Bøn før gudstenesta

Kl. 10.30: Ferdig, og klar til gudstenesta

Kl. 11.00: Gudsteneste etter oppsett ordning



*Mennesket lever ikke av brød åleine,  
men av kvart ord som går ut frå Guds munn.*

Matt 4, 4

## Datoar hausten 2018:

16. september – Apostelgjerningane 1
7. oktober – Apostelgjerningane 2
21. oktober – Apostelgjerningane 3
4. november – Apostelgjerningane 4
25. november – Apostelgjerningane 5

## Sundag frå kl. 09.00 i Etne kyrkje

Velkommen til bibelbasert samtale saman med sokneprest Per Hjemdal før gudstenesta – for den som vil ha meir av både "mjølk og fast føde" (Hebr 5, 12ff).



## Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)

Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr 100)



# Takk til ein trusopplærar—Velkon

*Med sitt gode smil og sin perlande latter har trusopplærar Astrid Askeland Johnsen vore det viktigaste ansikset når born i alle aldrar har møtt kyrkja i ulik samanheng dei siste ti åra. Forutan det viktige arbeidet med både å utarbeide og innarbeide trusopplæringsplanen for kyrkjelydane våre, har ho også tatt del i mange av dei tiltaka planen beskriv. Dessutan har ho heile tida drive Tripp-Trapp-treff både i Skånevik og Etne, til glede for mange.*

*No er Astrid gått over i pensjonistenes rekker, og vi har bede ho kome med ei helsing i samband med at ho takkar for seg.*

### Astrid takkar for seg

Takk for meg!

Eg er heldig.

No har eg bak meg 10 spennande og lærerike år med å jobbe i den norske Kyrkja. Eg har hatt gode kollegaer, blitt kjent med mange barn og foreldre.

Dei første tre åra hadde eg ulike arbeidsoppgåver som sekretær og konstituert kyrkjeverje. Heile tida har eg hatt ansvar for planlegging og gjennomføring av Tripp Trapp Treff.

Takk til alle som har vore med som frivillige! Dei siste sju åra har eg hatt ansvar for å legge til rette for og invitere til trusopplæring i Etne og Skånevik.

Noko av det finaste eg veit er å gå tur i skog og mark. Eg set stor pris på å nå ein fjelltopp. I sommar opplevde eg at stien eg skulle gå var nesten gjengrodd. Nedi graset var der nokre pinnar med raud maling på, men graset var så høgt at eg mest ikkje kunne sjå merkene. Mange tre hadde vinden blåse overende. Landskapet var ikkje slik eg hugsa. Det blei litt leiting og ei stund lurte eg på om eg hadde gått meg vill.

Då eg gjekk same turen for omlag ti år sidan, var der tydeleg sti. Dette fekk meg til å tenke på at det har skjedd store endringar i samfunnet vårt.

Då eg var liten jente var eg så heldig å få gå på søndagsskulen. Der blei eg kjent med ein usynleg venn som har lova å vere med meg i gode og vonde dagar. Då eg tok til på skulen, starta kvar dag med å synge ein salme. Me lærte å be "Fader vår", me song bordbøn og me hadde bibelsoge der eg lærte mange spennande forteljingar frå Bibelen. Eg fekk med meg nokre verdifulle levereglar. Tenk for ein skatt eg fekk med meg!

Litt av denne skatten har eg fått lov å gje vidare til barn og unge.

Mykje har endra seg sidan eg var liten jente. På skulen er det ikkje lenger kristendomsundervising, men KRLE. Då er det fint at kyrkja har eit tilbod med trusopplæring tilpassa ulike aldersgrupper. Ein usynleg ven og gode levereglar er godt å ha med i dagens samfunn.

Tenk så heldige me er i Etne og Skånevik som har Randi som tek over som kyrkjelydspedagog og skal halde fram med å halde "stiane" opne. Med seg har ho prestar, sokneråd og trusopplæringsutval..

Eg vonar mange frivillige også vil vere med. Barna treng foreldre som tek dei med. Alle kan me vere med å be. For å halde "stiane" opne trengst det mange som er med å gå!

"Lær den unge vegen han skal gå, så vik han ikkje av når han blir gammal." Ordt. 22,6.

Takk for godt samarbeid store og små; tilsette og frivillige!

*Med helsing Astrid*



# Velkommen til ein kyrkjelydspedagog!



## Velkommen til Randi!

I det vi takkar av Astrid som trusopplærar, ønsker vi samtidig velkommen til Randi Matre som ny kyrkjelydspedagog.

Det endra namnet på stillinga kjem ikkje berre av at Kyrkja sentralt har ønskt å løfta den faglege kompetansen på trusopplærarane,

Randi har også solid utdanning som allmennlærar og pedagog i bagasjen. Randi er frå Vats, men kjærleiken har ført ho til Etne. Ho er gift med Øystein, som er bonde og snekkar. Dei har busett seg på Sørstranda, og saman er dei stolte foreldre til eitt år gamle Signe. Fordi Signe enno ikkje har tatt til i barnehage, har Randi ei gradvis opptrappling i arbeidet som kyrkjelydspedagog.

Randi har med seg erfaring frå speidararbeid og som konfirmantleiar, ho har gått på folkehøgskule og arbeidd både som lærar, pleiemedarbeidar og butikkmedarbeidar. No er det trusopplæring i det store spennet 0–18 år ho tar fatt på, og ho gler seg til utfordringane som ligg nettopp i det store spennet som gjeld alder. Audmjuk innfor oppgåva å gje den beste bodskapen i verda vidare, er ho også veldig takksam for dei gode rammene og planane som ligg ferdig. Så får tida vise kva tilpassingar som krevst og korleis ho vil setje sitt eige preg på oppgåvene.

Vi er i allfall veldig glad for å ha fått ein kjekk, ny medarbeidar, og ønsker Guds signing over tenesta til Randi.

Per Hjemdal

**Kyrkja i Etne og Skånevik  
oppmodar til å stilla som  
bøssebærarar på  
TV-aksjonen!**

21. OKTOBER 2018  
 **Kirkens Bymisjon**  
—  
**TV-AKSJONEN** 

# Vil du vera med på Alpha-kurs?

I vinter vil me arrangera Alpha-kurs i Etne. Kort fortalt vil me gjennom dei ulike kurskveldane prøva å koma nærare inn på kva kristen tru handlar om. Alpha-opplegget er eit godt utprøvd konsept, og mange personar rundt om i landet har hatt stor glede og nytte av kurset.

Alle som er litt nysgjerrige, eller gjerne den som berre vil vera med på noko sosialt, kan delta på kurset. Me vil prøva å få til uformelle og opne samlingar der alle kan senka skuldrene og ha det fint, og for nokon kan det vera nok å berre få le litt i lag.

Me er fire personar som vil dela på undervisinga. Undervisinga dannar grunnlaget for gruppесamtalen etterpå. Den skal oppmuntra folk til å snakka i lag og saman utforska det grunnleggjande i kristen tru. Ingen spørsmål er upassande, og det er opp til kvar enkelt kor mykje eller lite du vil delta i samtalен, men ingen av deltakarane skal brenna inne med spørsmål om andre tema.

Alpha-kurset blir på Enge Bedehus over 10

kurskveldar. Ein enkel kveldsmat blir den første programposten.

Me startar opp onsdag 17. oktober, og me avsluttar den første onsdagskvelden i mars. Det blir ein kort-weekend, i januar 2019.

**Høyrest dette spennande ut?** For at det skal bli spennande vil me at mange melder seg på, og at kvar deltakar får setja sitt preg på innhaldet og gjennomføringa av kurset. Det er råd å møta opp om du er litt usikker på kva dette er, og det er fritt fram å hoppa av etter ein eller fleire samlingar. Her ønskjer me ikkje å utsetja deltakaren for noko form for press.

Arrangør: kyrkjja i Etne og Normisjon

## Påmelding:

Kjell Ingvald Matre, 911 42 123,  
[ki-matre@online.no](mailto:ki-matre@online.no)

Synnøve Wold Flokketvedt  
[synnove85@hotmail.com](mailto:synnove85@hotmail.com)

Kyrkjekontoret, 53 77 11 70  
[kyrkjeverja@etnekyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@etnekyrkja.no)

ER  
DET  
MER  
I LIVET  
ENN  
DETTE?





*I ytterste konsekvens kan en telefon-samtale redde et liv...*

### **Den største døgnåpne krisetjenesten i landet**

Hvert år besvarer Kirkens SOS nesten 200 000 henvendelser på telefon og internett, men en av tre får ikke svar. Flere frivillige trengs for å kunne fortsette det gode arbeidet og hjelpe enda flere. Kirkens SOS ønsker frivillige, ikke minst menn, velkommen!

Som landets største døgnåpne krisetjeneste på telefon og internett, har Kirkens SOS nærmere 1000 engasjerte frivillige rundt om i landet. De besvarer henvendelser både på dagtid, om natten, på hverdager og fridager. Kirkens SOS sin visjon er å gi håp til mennesker i krise og utøve Jesu nestekjærlighet i praksis. Det handler om å være et medmenneske som lytter med respekt og er en god samtalepartner når livet utfordrer.

### **De frivillige i Kirkens SOS er like ulike som dem som tar kontakt!**

Kirkens SOS er en anonym tjeneste, de frivillige vet ikke hvem de prater med og ingen ting om innringer eller innskrivers bakgrunn,

*«Jeg trenger noe i livet mitt som er viktig og større enn meg selv. Kommer jeg fra vakt og har hatt en god samtale, så gir det mening til mitt liv.*

*Per Arne,(52), Brannsupporter, hundelesker og frivillig i Kirkens SOS.*



*Foto: Anne Birgitte Larsen*

kun det som blir fortalt der og da.

De frivillige i Kirkens SOS er fra mange ulike steder i landet og har svært ulik bakgrunn og interesser. Noen har så vidt passert 20 år og andre nærmer seg 80. Noen er studenter og ønsker å lære mer om å møte mennesker i krise, noen er i full jobb og gir likevel av sin knappe fritid til folk som sliter og andre er ressurssterke pensjonister som ønsker å dele av sin livserfaring med andre.

### **Det handler om likeverd og respekt**

Kirkens SOS stiller ingen spesielle krav til bakgrunn blant sine medarbeidere. Det aller viktigste er at våre frivillige deler våre felles verdier om frivillighet, åpenhet, tilgjengelighet og anonymitet. De frivillige må også ha avstand til egne kriser og overskudd til å være en god samtalepartner for andre. Og sist, men ikke minst, er det viktig at alle i Kirkens SOS har respekt for alle typer mennesker uansett sosial eller kulturell bakgrunn, religiøs overbevisning, kjønn eller seksuell legning.

### **Noe for deg?**

Er du nysgjerrig eller ønsker å vite mer om hvordan det er å være frivillig i Kirkens SOS? Ta en titt på våre nettsider <https://www.kirkens-sos.no/om-kirkens-sos/lokale-sentre> og ta gjerne kontakt med ditt lokale senter!



*Foto: Margareta N. Øygarden*

*«Det er et paradoks at det ofte skal så lite til for å lette et medmenneskes smerte, bare være til stede som en lyttende og samtalepartner.» Odd (66) frivillig i Kirkens SOS.*

# Kort og godt frå kyrkjelyden

## Livets gang

### ETNE SOKN

#### Døypte:

- 01.04 - Johannes Stople
- 08.04 - Mathias Øverland
- 08.04 - Martine Heggen
- 10.05 - Kristian Åsbø
- 20.05 - Lars Horne Hjelmtveit
- 21.05 - Petra Frette Nordgård
- 27.05 - Ludvig Enge
- 05.08 - Kjell Johan Lysholt Erdal
- 05.08 - Martin Grindheim
- 19.08 - Emilian Kalan Slathia
- 09.09 - Tia Christina Bertelsen-Traet
- 09.09 - Emil Eikemo Mæland

#### Vigde:

- 19.05 - Helen Paulsen og  
Rune Brakstad
- 26.05 - Marta Elisabeth Eide og  
Jostein Birkenes
- 02.06 - Mariam Amdal og  
Mads Haugen
- 09.06 - Marit Birkenes og  
Jørgen Øyjord
- 04.08 - Lina Gudrun Kringlebotten og  
Marius Aarseth

#### Gravlagde:

- 09.05 - Karl Vannes
- 11.05 - Roar Fredriksen
- 15.05 - Frode Traet
- 03.07 - Valborg Rygg Hundhammer

## Nytt barn? Velkommen til dåp!

Ny lov om folkeregistrering trådde i kraft 1. oktober 2017. Med denne nye lova følgde det nokre endringar i kva for opplysningar kyrkja får tilgang til.

Ein av dei endringane som får konsekvensar for Den norske kyrkja, er at kyrkja ikkje lenger vil få informasjon om en persons familielasjonar. Utan tilgang til desse familielasjonane blir det ikkje mogleg å vite kva for nyfødde barn som har for- eldrelar som er medlem av Den norske kyrkja.

Når Den norske kyrkja slik mister oversikten over nye barn hos sine medlemmer, blir det heller ikkje mogleg å sende ut dåpsinvitasjon til alle desse barna.

At de ikkje automatisk høyrer noko frå kyrkja, tyder ikkje at vi ikkje lenger har glede av å ønske alle velkommen til dåp! Men no må vi oppmøde dei føresette sjølv å melde barna til dåp.



## Opningstider

Onsdag og fredag 11-16, laurdag 11-15

**Velkommen innom for ein god handel!**



# Kort og godt frå kyrkjelyden

## Søndagsskule i Etne

2. september  
9. september  
16. september - familiegudsteneste  
14. oktober  
28. oktober  
4. november  
11. november - familiegudsteneste  
9. desember - familiegudsteneste

## Tripp-Trapp Treff

Føremiddagssamling med song, leik, formingsaktivitet og matpause. Ta med matpakke. Me har frukt og drikke.

## I Skånevik bedehus

Onsdagar frå kl. 10.30 til ca. kl. 12.30.

12. september  
26. september  
24. oktober  
7. november  
21. november  
5. desember

## På Kyrketorget i Etne kyrkje

Onsdagar frå kl. 10 til ca. kl. 12.30.

5. september  
19. september  
3. oktober  
17. oktober  
14. november  
28. november



## Livets gang

## SKÅNEVIK SOKN

### Døypte:

25.03 - Jens Olav Winterhus  
20.05 - Oscar Ebbesvik Matre  
20.05 - Eirik Tristan Nilsen  
03.06 - Tuva Kleppa Bull-Tornøe  
03.06 - Peder Nordbø Lærdal  
10.06 - Othelie Bokn Haaland

### Vigde:

11.08 - Liv Birthe Eliassen og Roy Molnes  
18.08 - Silje Sæbø og Arne Bekkenes

### Gravlagde:

06.04 - Alf Oddvar Hundvin  
06.07 - Ovidia Lundal  
24.08 - Eirik Sævareid

# Babysong



Gode musikkopplevelingar gir gode minner som blir lagra i kroppen. Det barnet opplever dei to første åra, er grunnlag for resten av livet.

Babysong er eit tilbod i trusopplæringa til Etne- og Skånevik sokneråd.

Me inviterer på bakgrunn av våre medlemslister, men alle er selvsagt velkommen til å delta.

Døra til **kyrkjetorget** er open kvar torsdag klokka 11 – 14 .

Kl.12 er det Babysang inne i kyrkja.

#### Dagar:

20. og 27. september

4., 18. og 25. oktober

1., 8. og 15. november

Ta med niste, me har frukt, kaffi og te!

## 4-åringar

Har du ein fireåring?

I kyrkja har vi særleg glede av å invitere til utdeling av den tradisjonelle Mi kyrkjebok for 4-åringar.

Den dagen feirar vi gudsteneste der 4-åringane er heidersgjestar, og sjølvsgåt blir det god kyrkjekaffi tilpassa både store og små.

Invitasjon kjem i pos-  
ten, men held av dagen:

Skånevik kyrkje: Sundag 23. oktober kl.11.00

Etne kyrkje: Sundag 11. november kl. 11.00





## Takk til våre annonsørar!



## Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord

### Ølen Begravelsesbyrå

DØGNVAKT - Tlf: 53 76 82 03  
www.olenbb.no

ETNE - VINDAFJORD - TYSVÆR



Bruk din lokale kraft- og breibandleverandør!

### Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:

Eli Synnøve S. Garvik

Soknerådsleiar Etne: Arnold Solheim

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:  
Reidar Leknes

### Tilsette:



**Aud Jorunn Grønstad Baustad**  
Kyrkjeverje  
Tlf. 960 16 864



**Randi Frette**  
Kyrkjelydssekretær  
53 77 11 75



**Per Hjemdal**  
Sokneprest i Etne  
41 12 65 49



**Randi Matre**  
Kyrkjelydspedagog



**Stein Ove Skadal**  
Sokneprest Skånevik  
47 48 30 27



**Bjørn Stødle**  
Kyrkjegardsarbeidar  
91 19 99 60



**Solveig Sørheim**  
Organist  
40 28 68 71

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70

E-post: kyrkjeveja@etnekyrkja.no



# Gudstenestekalender

16. sept.	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
23. sept.	11.00	Frette	Høgmesse	Stein Ove Skadal
	16.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
30. sept.	11.00	Fjæra	Høgmesse	Stein Ove Skadal
	19.00	Stødle	Gudsteneste	Stein Ove Skadal
07. okt.	11.00	Gjerde	Høgmesse	Per Hjemdal
	11.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
14. okt.	11.00	Etne	Høgmesse	Stein Ove Skadal
21. okt.	11.00	Grindheim	Høgmesse	Per Hjemdal
	16.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
28. okt.	11.00	Etne	Bots– og bønedags-gudsteneste	Per Hjemdal
04. nov.	11.00	Etne	Helgemesse	Per Hjemdal
	18.00	Skånevik	Helgemesse	Stein Ove Skadal
11. nov.	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
	17.00	Fjæra	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
18. nov.	11.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
	19.00	Etne	Gudsteneste	Per Hjemdal
25. nov.	11.00	Gjerde	Høgmesse	Per Hjemdal
02. des.	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal

## Kyrkjeposten treng støtte!

Etne og Skånevik kyrkjelyder seier takk for alle gåver!

Du kan senda di gåve til Kyrkjeposten, Enge 5, 5590 Etne.

Kontonummer 3543.13.03246